

RAMSAR-OMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL


RAMSAR SITES IN MØRE OG ROMSDAL, NORWAY



DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING – DIRECTORATE FOR NATURE MANAGEMENT
MØRE OG ROMSDAL FYLKE – COUNTY GOVERNOR OF MØRE OG ROMSDAL


VÅTMARK

Omgrepet våtmark vert nytta om naturtypar prega av vatn og fuktige område. Dette kan vere til dømes fjøre- og gruntvassområde i saltvatn, grunne og næringsrike ferskvatn, sumpområde, elvedelta og myrar. Våtmark har til dels svært rik flora og fauna, og mange planter, insekt og fuglar er heilt avhengige av desse naturtypane. Våtmark medverkar til å auke opplevingsrikdomen i naturen og til å skape variasjon i landskapsbildet. Men menneskeleg utnytting gjennom drenering, utbygging, neddemming, forureining og massedeponering har gjort at våtmarker er blant dei mest truga naturtypane.

 **Wetlands** are areas where water is the primary factor controlling the environment and the associated plant and animal life. They occur where the water table is at or near the land surface, or where the land is covered by shallow water. Wetlands are among the world's most productive environments. They are cradles of biological diversity, providing the water and primary productivity upon which countless species of plants and animals depend for survival. These functions, values and attributes can only be maintained if the ecological processes of wetlands are allowed to continue functioning. Unfortunately, and in spite of important progress made in recent decades, wetlands continue to be among the world's most threatened ecosystems, owing mainly to ongoing drainage, conversion, pollution, and over-exploitation of their resources.

RAMSARKONVENSJONEN

«International Conference on the Conservation of Wetlands and Waterfowl» fann stad i byen Ramsar i Iran i 1971. Eit resultat av denne konferansen vart Ramsarkonvensjonen som trådte i kraft i 1975. Land som underteiknar konvensjonen forpliktar seg til å peike ut våtmarksområde som har internasjonal verdi for våtmarksfuglar og føre dei opp på den internasjonale Ramsarlista. Per april 2004 har 138 land ratifisert konvensjonen, og 1364 område er no kome med på Ramsarlista. Direktoratet for naturforvaltning har det overordna ansvaret for å følgje opp Ramsarkonvensjonen her i landet.

 The Convention on Wetlands is an intergovernmental treaty adopted on 2 February 1971 in the Iranian city of Ramsar. It is popularly known as the «Ramsar Convention». Ramsar is the first of the modern global intergovernmental treaties on conservation and wise use of natural resources. The official name of the treaty – The Convention on Wetlands of International Importance especially as Waterfowl Habitat – reflects its original emphasis on the conservation and wise use of wetlands primarily to provide habitat for waterbirds. Over the years, however, the Convention has broadened its scope to cover all aspects of wetland conservation and wise use, recognizing wetlands as ecosystems that are extremely important for biodiversity conservation in general and for the well-being of human communities. The Convention was ratified in 1975. As of April 2004, 138 Countries are contracting parties, and 1364 wetlands have been designated for inclusion in the List of Wetlands of International Importance. The Directorate for Nature Management is the national science and management authority for the Ramsar Convention in Norway.



RAMSAR-OMRÅDE I MØRE OG ROMSDAL

Ramsar Sites in Møre og Romsdal

- 1 Mellandsvågen naturreservat - Mellandsvågen Nature Reserve
- 2 Sandblåstvågen/Gaustadvågen naturreservat - Sandblåstvågen/Gaustadvågen Nature Reserve
- 3 Harøya våtmarkssystem - Harøya Wetlands System
- 4 Giske våtmarkssystem - Giske Wetlands System



Alle desse verneområda blei oppretta 27. mai 1988 og tatt inn på Ramsarlista 19. mars 1996. Formålet med fredinga er å ta vare på viktige våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

Områda oppfyller kriteria for utnemning til Ramsarområde på følgjande måte: Som naturtypar er dei representative for den naturgeografiske regionen der dei ligg, og dei er avgjerande viktig som trekk-, raste-, myte- og hekkestad for eit svært stort tal våtmarksfuglar. Sandblåstvågen/Gaustadvågen er i tillegg eit eksempel på ein sjeldan naturtype med karakteristiske vegetasjonstypar.

MELLANDSVÅGEN NATURRESERVAT


Mellandsvågen naturreservat dekkjer eit areal på ca. 961 dekar, av dette er ca. 520 dekar sjøareal. Arealet for dyrelivsfredinga dekkjer 12.161 dekar.

Lokaliteten består av strandstrekningar og gruntvassområde av forskjellig karakter: Dels eit skjerma gruntvassområde inne i ein våg (Mellandsvågen), dels eksponerte strender med fluer og grunner utafør. Ein del av strendene er prega av svaberg og rul-lestein, medan andre består av grunne leirer og strandenger.

Mellandsvågen er særleg viktig som trekk- og overvintringsområde for vassfugl. Artsvariasjonen er stor og mange artar opptre i store tal. Islom, horndykkar, gråstrupedykkar, ærfugl, sjøorre, havelle og siland er vanlege om vinteren, medan grågås, grasender og vadefuglar dominerer i trekktidene. Grågås, gravand og fleire vadefuglar hekkar. Området er også viktig sommarstid for mytande ender. Utanom dei ornitologiske verneinteressene er det store botaniske verdiar knytt til strandengene i området. Desse dekkjer eit større areal enn det som går inn i Mellandsvågen naturreservat og er nokre av dei største og mest velutvikla i Møre og Romsdal. I 2002 vart såleis eit tilgrensande område med strandeng freda under nemninga Melland naturreservat i verneplanen for havstrand og elveos.



Havelle / Long-tailed Duck

 **Mellandsvågen Nature Reserve** is situated in Aure municipality. Mellandsvågen is protected as a nature reserve since 1988. The size of the protected area is 96 ha.

Mellandsvågen forms a good example of a coastal fjordic wetland. A typical coastal system of long shores with intertidal shallow waters, with extensive mudflats, and mussel and seaweed beds. Salt marshes, wet meadows and ericaceous mires occur on the shore, mixed with rocky outcrops. The area is characterised by its extensive wet meadows, with a number of interesting plant communities.

Its geographic position makes it an important link for migrating birds, in particular geese, ducks and waders. Its most important function is as a feeding and resting site for migratory and wintering birds.

More than 150 bird species have been recorded at Mellandsvågen, including *Clangula hyemalis*, *Somateria mollissima*, *Anser anser*, and common wintering birds like *Gavia immer* and *Podiceps grisegena*. Otter *Lutra lutra* is common in the area.



Islo / Great Northern Diver

SANDBLÅSTVÅGEN/GAUSTADVÅGEN NATURRESERVAT

Sandblåstvågen i Fræna kommune og Gaustadvågen i Eide kommune blei freda i 1988 under nemninga Sandblåst/Gaustadvågen naturreservat. Reservatet dekkjer eit areal på ca 2.498 dekar, av dette er ca 1.396 dekar sjøareal.

Sandblåstvågen/Gaustadvågen representerer ein uvanleg og særprega naturtype; elvemunningsvåg/estuar, som tidlegare var meir vanleg langs kysten. Forutan tidevasspåverka areal fins det ei kjede av vasspeil frå ferskvatn til brakkvatn og saltvatn, som gjer området uvanleg produktivt.



Tundrasnipe / Curlew Sandpiper: Arktiske vadarar som tundrasnipe, sandløpar, polarsnipe, dverg-snipe, tundralo, sotsnipe og lappspove er vanlege på trekket om hausten.

Området merkar seg særleg ut som rasteplass for vassfugl i trekketidene og delvis som overvintringslokaltet. Samstundes er hekkefuglfaunaen rik, med fleire spesielle artar. Rundt 250 fugleartar er noterte i området, eit særst høgt tal for eit såpass avgrensa område så langt nord. Mange av desse artane finst i store tal, særleg gjeld dette grasender og vadefugl. Av maksimumstal kan nemnast: Over 300 songsvaner, nesten 1000 grasender og 2500 vadarar. Fleire sjeldsynte og uvanlege fugleartar er også noterte i trekketidene. Av fuglar som er registrert hekkande kan nemnast temmincksnipe, myrsnipe, brushane, svarthalespove, svartstrupe og trane.

Utanom dei ornitologiske verneverdiane finst det også store botaniske verdiar i form av spesielle planteartar og viktige plantesamfunn. Det er interessante kvartærgeologiske førekomstar, så vel som landskapsetiske, arkeologiske og kulturhistoriske interesser. Det er ein særst stor produksjon innan lågare fauna, og vassdraget er fiske-rikt. Med lett tilgjenge og sine spesielle og velutvikla naturtypar og store biologiske konsentrasjon, er området av stor verdi for forskning og undervisning.

I tida frå og med 1. april til og med 31. august er ferdsel innafør ein nærare avgrensa del av reservatet forbode.



Myrsnip / Dunlin



Sandblåst-/Gaustadvågen Nature Reserve is situated in both Fræna and Eide municipalities. This site was designated as a Nature Reserve in 1988. The size of the protected area is 250 ha.

The area is a well-formed estuary where three small rivers converge, forming a system of sheltered fresh to brackish lagoons. The lagoons are surrounded by extensive intertidal mudflats, and wet shore meadows. There are large stands of aquatic vegetation. The area encompasses a transect from freshwater to brackish and finally salt water. The site hosts extensive beds of underwater plants like *Zostera marina*, *Ruppia* spp., *Potamogeton filiformis* and *P. pectinatus*. They are very important for grazing waterbirds. In the wet meadows *Carex glareosa* is of special conservation value.

The wetland of Sandblåst-/Gaustadvågen is a good representative example of an estuarine system at the end of a coastal plain, unusual in this biogeographic region. Due to the geographic position of these wetlands and their high biological production, they support large numbers of both migrating birds, and wintering birds. Wintering birds include mainly swans, geese, ducks and waders.

About 250 species of birds have been recorded, including *Cygnus cygnus*, *Anser* spp., *Anas* spp., diving ducks, *Charadriidae* and *Scolopacidae*. The reserve hosts sea-bird breeding colonies of *Sterna paradisaea*, *Larus canus* and *L. argentatus*, and other breeding species like *Anas acuta*, *Calidris temminckii*, *C. alpina*, *Philomachus pugnax*, *Limosa limosa* and *Saxicola torquata*. Otter *Lutra lutra* is common.

The area contains an archaeological site and forms an important part of the cultural history of the municipality. The unique geology of this area lends itself to study.



Brunnakke / Eurasian Wigeon

HARØYA VÅTMARKSSYSTEM

I 1988 ble fire våtmarksområde på Harøya i Sandøy kommune freda. Desse er: Lomtjønna, Selvikvågen og Lyngholman naturreservat og Malesanden & Huse fuglefredingsområde. Verneområda har eit samla areal på ca. 1890 dekar. Av dette er rundt 1192 dekar sjøareal.

Harøya våtmarkssystem har mange av dei same trekka som Giske våtmarkssystem med m.a. grunne sjøareal og store tidevassoner. Våtmarkssystemet på og kring øya er særleg viktig for overvintrande og trekkande vassfugl, men også hekkførekomstane av fleire artar er av interesse. I trekktidene er det periodevis samla store mengder vadefugl. Dei mest talrike har vore tjeld, sandlo, heilo, vipe, steinvendar, myrsnipe, lappspove og enkeltbekkasin. I vinterhalvåret ligg store mengder våtmarksfugl rundt øya, med lommar, dykkarar, skarv, sjøender og teist som dei dominerande. Av makismumstal kan nemnast: 180 gråstrupedykkarar, 5300 skarv, 1000 ærfugl, 900 sjøorre, 1200 haveller, 500 silender og 300 teist. Blant hekkande artar merkar ein seg fleire andefuglar med bra bestand, 12 hekkande vadefuglartar (m.a. myrsnipe, brushane og symjesnipe). På myrområda er det større koloniar med tjuvjo, måsar og terner. I tillegg er sporvefuglar som svartstrupe og lappsporv funne hekkande.




Sjøorre / Velvet Scoter

LOMTJØNNA NATURRESERVAT

Reservatet dekkjer eit areal på ca 105 dekar. Lokaliteten ligg midt i eit større hei- og myrlandskap og utgjer ein representativ del av denne landskapstypen på Harøya. Lokaliteten er av særleg interesse som hekkelokalitet for fugleartar knytt til den opne, myrlendte kystheia, som grågås, heilo, spovar og måsefugl. Dessutan er tjønnene og dammane hekkplass for enkelte andeartar og også meir spesielle våtmarksfuglar som symjesnipe, ved sida av småfugl som lappsporv.

SELVIKVÅGEN NATURRESERVAT

Reservatet er om lag 461 dekar stort, av dette er ca 306 sjøareal. Lokaliteten er ei grunn bukt med ei lita tjønn, strandenger og smale vågar i indre del, og leirer, større tidevassareal og skjermende holmar utafor. Selvikvågen er av interesse som beiteplass for ender og vadefugl. Dessutan hekkar nokre artar, m.a. grasender og fleire vadarar som steinvendar og myrsnipe.




LYNGHOLMAN NATURRESERVAT

Reservatet dekkjer et areal på ca 659 dekar, av dette er ca 353 sjøareal. Området er eit større strandengsystem på Finnøya med fleire grunne bukter, småholmar og store tidevassareal. Av særleg interesse er lokaliteten som hekkeplass for eit variert utval av vade- og fugl, men og som beiteplass for vade- og fugl og andre våtmarksartar i trekktidene og om vinteren. Utanom dei ornitologiske interessene er også strandengkompleksa av stor botanisk verdi.

MALESANDEN & HUSE FUGLEFREDINGSOMRÅDE

Fuglefredingsområdet dekkjer ca. 665 dekar. Av dette er rundt 533 dekar sjøareal. Med varierende strandsoner og strandenger gir området eit variert tilbod for hekkande våtmarksfugl. Diverse vadarartar har her sitt viktigaste hekkeområde på øya. Med større tidevasssoner og store gruntområde utafør er området likevel av særleg stor interesse for rastande vadefugl i trekktidene og overvintrande vass- og sjøfugl av diverse slag, m.a. er 1000 ærfugl og 900 sjøorre talt opp. Utanom dei ornitologiske interessene er det store botaniske og kvartærgeologiske verdiar langs stranda, m.a. i samband med flygesandfelt. Dynelyngheia i området er av særleg verdi, som den eine av tre slike i fylket som ikkje er oppdyrka.

 **Harøya Wetlands System** consists of 4 different reserves on an island off the mainland Norwegian coast: **Lomstjønna**, **Selvikvågen** and **Lyngholman nature reserves**, and **Malesanden & Huse bird protection area**. Harøya is situated in Sandøy municipality, near Molde city. All four parts of this wetland were established as protected areas in 1988. The size of the total protected area is 189 ha.

The wetland system consists of several shallow bays, with extensive tidal mud- and sandflats with seaweed zones and sand dune systems. The extensive marine shallow waters with its tidal flats allow for large quantities of seaweed to accumulate. Sand dunes and wet meadows create a zone between the shoreline and the inland mires and eutrophic freshwater marsh.

The wetlands of Harøya are important as a good example of coastal wetlands, partly due to their large extent and geographic position. Seaweed areas within the site provide rich feeding opportunities for birds. Due to abundant food, Harøya wetlands system is particularly important for waterbirds during migration and in winter. It also serves as a breeding site for many species.

Harøya is a breeding site for the waterbirds *Anser anser*, *Calidris alpina*, *Larus fuscus*, *Sterna paradisea*, *Stercorarius parasiticus*, *Saxicola torquata* and *Calcarius lapponicus*. Up to 10,000 birds winter at the site. Wintering species are *Podiceps grisegena*, *Phalacrocorax* spp., *Somateria mollissima*, *Melanitta fusca*, *Clangula hyemalis*, *Mergus merganser* and *Cepphus grylle*. *Haliaeetus albicilla* is common at this wetland. Because of the islands' inaccessibility, knowledge of bird species is relatively poor. Otter *Lutra lutra* and seal *Phoca vitulina* are common at Harøya.



Steinvendrar / Turnstone

GISKE VÅTMARKSSYSTEM

I 1988 vart 6 våtmarksområder på øyane Vigra og Giske i Giske kommune freda. Desse er: Rørvikvatnet og Synesvågen naturreservat, Giske, Blindheimsvik, Roaldsanden og Rørvikvågen fuglefredingsområde. Verneområda har eit samla areal på ca. 5545 dekar. Av dette er rundt 4278 dekar landareal.

Våtmarksområda på Vigra og Giske er viktige både som overvintrings- og hekkeområde, men er likevel av særleg stor verdi for vassfugl i trekketidene. Ein merker seg eit særdeles rikt artsutval blant vassfuglar: Dei aller fleste lomar, dykkarar, andefuglar, vadefuglar og måsefuglar som er sett i Noreg er også sett i Giske våtmarkssystem. Området er eitt av dei aller viktigaste i sitt slag i Noreg. Her finst det regelmessig over 20.000 vassfugl. For enkelte artar vassfugl finst meir enn 1% av den europeiske bestanden i periodar av året i dette området.



Knekkand / Garganey

RØRVIKVATNET NATURRESERVAT

Reservatet dekkjer eit areal på ca 380 dekar. Rørvikvatnet er eit lite, grunt og oppdelt vatn, prega av tette storr- og sivaksbelte og ein del tjønnaks. Vatnet er stort sett omkransa av myr og dyrka mark, men langs austkanten finst parti med flygesand, ein naturtype som er sjeldan i fylket.


Lokaliteten er viktig som hekke- og trekkplass for eit stort utval av våtmarksfuglar. Særleg interessant er artsvariasjonen av hekkande grasender med sjeldne artar som stjertand, knekkand og skeiand. Også fleire artar av vadefugl hekkar, m.a. myrsnipe, brushane, småspove og symjesnipe. Låglandshekking av blåstrupe og lappspurv er registrert. Totalt sett har dette vore det viktigaste hekkeområdet for våtmarksfugl innafor Giske våtmarkssystem, men verdien er truleg redusert sidan fredinga på grunn av tilgroing med skog frå leplanting.

Kalkpåvirka myrdammar og flygesandfelt gjer floraen interessant og uvanleg.

I tida frå og med 1. april til og med 31. august er all ferdsel i reservatet forbode.

SYNESVÅGEN NATURRESERVAT

Reservatet dekkjer eit areal på ca 1011 dekar, av dette er ca 674 sjøareal. Lokaliteten er ein langgrunn våg med store tidevassleirer og sandgrunner. Ytre del er skjerma av ein større og fleire små holmar og skjer. Synesvågen er av særleg interesse som beiteplass for vadefugl i trekketidene, men og som overvintringsplass og hekkeplass. Gravand hekkar og det er speltplass for brushane her. I tillegg finst og måse- og ternekoloniar.



GISKE FUGLEFREDINGSOMRÅDE

Fuglefredningsområdet dekkjer eit areal på ca 1425 dekar, av dette er ca 1294 sjøareal. Lokaliteten består av langgrunne strandstrekningar med tarevollar, strandenger og myrlendt beitemark innafor, og store område med grunne sjøareal utafør.

Fuglefredningsområdet har særleg stor verdi som rasteplass for våtmarksfugl, særleg vadefugl i trekk tidene, men er og viktig som overvintrings- og hekkeområde. Innafor

Giske våtmarkssystem er dette det rikaste enkeltområdet. Ein merkar seg eit særdeles stort artsutval blant vassfuglar, dei fleste vassfuglartane i Noreg er observerte i området. Ei lang rekkje sjeldne trekkgjester er noterte. Talmessig dominerer vade- fugl, med inntil meir enn 5000 myrsniper, 750 fjøreplytt og hundretals fleire andre vadefuglar. Elles er inntil 500 grasender, fleire hundre sjøender og 5000 måsefugl noterte. I tillegg beiter periodevis store flokkar av småfugl både på den rike insekt- og frøproduksjonen. Ved sida av dei ornitologiske verneverdiane er det også store kvartær- geologiske og botaniske verdiar, samt kulturminne.



BLINDHEIMSVIK FUGLEFREDINGSOMRÅDE

Fuglefredingsområdet dekkjer eit areal på ca 1133 dekar, av dette er ca 1030 sjøareal. Lokaliteten er ei langgrunn bukt med store tidevassareal og leirer. I sør ligg eit større myrområde. Fuglefredingsområdet har størst verdi som rasteplass for ender og vadefugl i trekketidene og som overvintringslokalitet for våtmarksfugl, men har også enkelte hekkande fugleartar av interesse og tener i hekketida dels som beiteplass for våtmarks- fugl som hekkar andre stader i våtmarkssystemet.

ROALDSANDEN FUGLEFREDINGSOMRÅDE

Fuglefredingsområdet dekkjer eit areal på ca 863 dekar, av dette er ca 832 sjøareal. Lokaliteten omfattar i det alt vesentlege langgrunne sandstrender og leirer med tilgren- sande strandsone og innslag av sanddynevegetasjon langs land.

Roaldsanden fuglefredingsområde er i det alt vesentlege eit trekk- og overvintrings- område, sjølv om enkelte artar hekkar. Av interesse blant rastande og overvintrande fugl er særleg lommar, dykkarar, sjøender og eit rikt utval av vadefuglartar. Steinkobbe har jamt tilhald i området, og av andre verdiar kan nemnast planter og plantesamfunn i knytt til flygesandpartia.

RØRVIKVÅGEN FUGLEFREDINGSOMRÅDE


Fuglefredningsområdet dekkjer eit areal på ca 733 dekar, av dette er ca 448 sjøareal. Rørvikvågen er ein større, langgrunn våg med store tidevassareal og leirer i indre del, og overgang til strandengar, fuktengar, myr og beitemark i eit lågt landskap. Indre delar av stranda har grunne dammar og laguner.

Lokaliteten er av særleg verdi for rastande og overvintrande våtmarksfugl, men har og enkelte hekkande fugleartar av interesse. Blant rastande og overvintrande fugl

merker ein seg særleg dykkarar, eit svært rikt utval av vadefuglartar og periodevis tusenvis av småfugl av forskjellige artar. For kvartbekkasin er dette ein av dei mest konsentrerte rasteplassar ein kjenner i Noreg. Området har og meir eller mindre regelmessig førekomst av svært sjeldne hekkeartar som vaktel og åkerrikkse.



Åkerrikkse / Corn Crake

 **Giske Wetlands System** consists of 6 different reserves on two islands in Giske municipality on the outermost part of the coast. All six parts of this wetland system were given protected status in 1988. **Rørvikvatn** and **Synsvågen** are **nature reserves**, and **Giske**, **Blindheimsvik**, **Roalsand** and **Rørvikvågen** are all **bird protection areas**. The size of the total protected area is 554 ha.

The wetland system consists of extensive shallow marine bays with mud and sandflats and pebble shores. The flats allow large quantities of seaweed to accumulate, thus creating rich feeding opportunities for birds. A small area of dunes occurs at the site. Wet meadows separate the bays from peaty inland mires. One part of the site hosts a eutrophic fresh water marsh, with lush water vegetation, surrounded by mires.

Giske wetland system is a good characteristic representative of an Atlantic coastal system. The extent of the wetlands and the geographic position make this area internationally important, in particular for birds. The area is a breeding site for rare birds such as the globally threatened *Crex crex*. This site is important as a staging

area for migratory waterbirds, especially waders, and for its numbers of wintering waterbirds.

The Giske wetlands are famous for their rich bird life. More than 220 bird species have been recorded. Over 10,000 waterfowl winter at this wetland, including species of *Gavidae*, *Podicipedidae*, *Anas* spp. and diving ducks. *Haliaeetus albicilla* and *Aquila chrysaetos* occur regularly. These wetlands are possibly most famous for their numbers of migrating waders. *Calidris alpina* and *C. maritima*, as well as passerines *Plectrophenax nivalis* and *Sturnus vulgaris* are especially common on migration. Otter *Lutra lutra* is common at the site, and ca. 100 seals *Phoca vitulina* frequent the area.

A bird observatory has been established in the area, to record migrating birds. It takes part in a joint European network on the study of wader migration.



Gråstrupedykker / Red-necked Grebe

Det meste av den naturfaglege informasjonen i denne brosjyren er basert på data som vart samla inn i samband med verneprosessen. Dette er om lag 20 år gamle registreringar. Mykje kan ha endra seg sidan den tid både på grunn av naturlege endringar i bestandstilbøve og endra bruk eller manglande skjøtselstiltak innafør verneområda. Dette har vi for lite informasjon om, og det vil vere ei prioritert oppgåve framover å følgje opp desse områda meir enn det ein til no har hatt kapasitet til.



Møre og Romsdal fylke



Ramsar på internett: www.ramsar.org

Direktoratet for naturforvaltning: www.naturforvaltning.no

Møre og Romsdal fylke: www.mrfylke.no

Forsidebilde / front cover: Steinvendar / Turnstone

Layout og Illustrasjoner: Trond Haugskott

1. utgave, 1. opplag (2500 eks.)

Trykk: Heimdal Trykkeri AS, 2005